Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 36 Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Stord

Emne: Helsing, Fakter og åtferd Bygdelag: Stord

Oppskr. av: Karl Melkevik Gard: Melkevik

(adresse): Sagvåg Stl. G.nr. 60 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1 Når dei meinte ja nikka dei,
og når det var nei rysta dei
på hovudet, var det ratt burt
i veggern gjorde dei ein
svingdslig handbevegelse fra
brystet rett ut i armslengde.

2

For umlag førti år sidan og attover
i tidi helste dei på kvarandre
nærsakt både fantt og fagna
folk seinare er folk vorrtne
meir reserverte so no er det
ikkje god takkt å tone å busa
so i vei, å kanskje spyrja kvar
dei er i frå attåt til, slisk som
ofta før vartt gjort.

3

Den yngste burde helsa fyrst,
og menn fyrst på kvinner,
men som oftasts helste han fyrst
som var mest freidig.

4 God dag - kveld å-s-v. etter som
tidi på døgeret passa, kanskje
med merknaden takk for sist -

8759

Eller for aldrig so lenge sidan:

5 Bygdefolk seg i millom for ikkje med so mange formaliteter dei trykte kvarandre braust i handa å let hatten i fred. Annan leis var det når det gjalt embetesmenn, eller overorna, da var det av med hovudplagget.

6 Det berode mykje på um møte var tilfeldigt eller i forretnings med_fór. Den jamne befolkning var småläten var altid meir eller mindre i avhenglig høve økonomisk, difor vart deires holdning overfor dei sokalla store" smygandes, det kunde soleis henda dei stod og skölv med hatten enten under armen eller i handa; dette har heldigvis ikkje hent ofte i dette hundradårs talet og aldrig no.

7 Kle bunaden hadde ingen betydning etter det eg har høyrd eller forstot.

8 Dei gamle var altid svert opmerksam over for born, å helste omstendelig op i handa so dei ikkje skulle föla seg til side set, var det samstundes meir langferda spyldfolk hadde dei ofte forskjellig presangar med til dei, så som

8759

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Halsklutar - hoveplag brystroler
og so b-e-t-, til foreldrenes kjerke
er som kjent borna ein god inn
slagsport, husbonds folket fekk
også ofte forskjelligt småteri
bråpat - koppar - skålar alltid
med innskriptsjon ordtak eller
bibelord - ynskje - gratulasjon og
so - - - det gjorde alt eit inder-
leg å intimt venskaps forhold
sjydfolk og vener i millom, som
mange av oss eldre i dag saknar

9 Med klapp på aksla uttrykkte dei
eit anerkjennande kompliment
at vedkomande var grei - kjekk
kar - eller kvinne, god kamerat
ein en tykte om i det heile.
Skik og innhald er vel stort sett det
same i dag.

10 Hadde mennerne hovudplag
når dei høyrde klokkeringing frå
kyrkja tok dei det av - kvinnerne
leste henderne. i alle høve gjord-
de dei ein stopp i det dei hadde
for seg, enten dei gjek eller arbeidde.

11 Når folk møtte likferd eller brud-
fylgje tok dei hatten av å heldt
den i handa til dei hadde passert

12 Om helsing på ting å gjenstander
har eg ikkje høyrt om, anst en i
jula spåk og nyttårs (speglerier)

13 Gomorn" suggdest frå dei reiste
op kåu tidlig det var. og til

8759

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Åvle frukost - 9-10 tida.
Gjadag til burt i 16-17 - tida
Gjakveld seinare. Gjanatt ~~når~~ dei
gjek viss dei sa gjakveld når dei kom
Gjamiddag brukttest ikkje seg jurt
før, det er no i seinare tid det er vor-
te nytta. Litt hadde vell årstiderne
å segja på kl. slettar. etter som
det var lang e eller korte dagar.
14 Sume kunde vell sjøre som ei
finta i ei helsing som gamara
mit på dagen, men for det meste
trur eg det var ein bemerkning
i spåk å vart opteke som sådan
av dei flesste, og svarart (gamoren
ingen orsak, eller du kan
so sei)
16 I dag er ein like nøye med
tida are døgeret når det gjeld
helsing det er mykje gamoren
både i tid og utid, „So mannen
sa (kva skall ein" segja når ein
~~går, når ein segjer godda~~
kjem, når ein segjer gamåran
når ein går)
17 Alle uttrykk i punkt 17 var
nytta. Somleis Gud signe „sjøsen"
- Åbo - måte" takk svarte dei igjen.
Når det var nåko som var
svært maktpåliggjande til
gjera eller ikkje. Sa dei signebli
deg gjer det, eller gjer ikkje det.
19 Helsinga vart teken opp at „med" i
ståva og" når gesten kjem inn

8759
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Var det nokka scers det gjalt,
spurde dei om det var rå tala med
husbonden under fire augo
Var det saker og ting dei vilde hus-
lyden forövrig ikkje skulde veta
nåka om slengde dei eit burt
augne kast i git hove i det dei
gjek so fylgde husbonden med ut.

21 Alle som ikkje hauve til huslyden
banktle på döra når dei kom,
det brukast, og har vore brukt
fra Arelds tid
Innan fra sværtest kom - kom inn
- eller versåga
23 Når dei kom inn varst dei
ståande ved döra med hatten i
handa, dersom dei hadde nåker
å det jelpte ikkje altid seggja.
Sjå du får sitja. dei måtte ta
å skuble dei burt i stolen.
No til dags er ikkje folk streng-
bedne, ellers er skik å bruk
mykje det same
(Sjå du får sitja, - Set dyk innar)
(du får jå du finn deg sete,)
eller dei sette fram stol å sa
versoga set med på
Å ja litt spilna på fattig å rik
var der vel dessverre. men i dette
hundra års talet har ikkje slikt
forekome nemnande.
På framand folk helstist på
same måte som andre;

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
8759

Kanske føydde dei til om (er det framand folk ute og fær;) - eller er det lang framande:
Eg kjende gamle folk som turka åv stolen, ja til å med vermde han at med omnen,
Den skiken trur eg er svært gamal og mest nytta i røyk-ståvene si tid
Det beroddde mykje på kvaslags forhold dei stod til kvarandre på, korleis dei vyrte modttaken og yngst velkomen, om det var slektskap" kjennskap" venn-skap" kammerat" Sjemtefulle bemerkningar eller meir ålvårlige føygdest til etter som det høvde seg, venstre handi la dei gjerne over gjesten si i det dei handhelste å riste kraftigt
Fårvel - levevel - de må leveveel-farvel å velkomen atte, svartest ofte av gamle folk
Når t. d. noken skulle reisa til Amerika bruktest til gå å be velfara som dei sa, då gjekk dei i grenda so langt som venskaps bernga rakk.
Når dei for fekk dei ynse gode ynsjer - Gud vara deg - vara med deg - lukka til - å so. t. ut.
Foreldre kyste kvarandre når mannen reiste t. d. til havs på fiske

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

8759

Eller sigla til Bergen Haugesund
ja um det berre var til gass-
gjevar (farne) langs leida og
det var ofte små båtar og
livet som innsats sjølv om
reisa ikkje var so lang
Kyssing brukast av alle når dei
står overfor langvarig adskilelse

34

Kyss er den einaste nemning
eg har høyrd her i kring
Å kysse på handa var vell til
dels brukt i det attande år hun-
dra.. sovitt eg kan skjøna av
forskillige historie dei gamle
fortalte og betydde vistnok
både vørnad og takksemd.

Gi meg eit kyss er det vanlege
me segen til småborn.
Å kysse si eiga hand har ikkje
vore brukt i nåka høve her.

Å gni nasen modt nasen til born.
vart gjort både av vaksne og
syssjen seg i mellom det kalast
for å byte nase.
Å so peikte dei fingra eller
nasse å serta for den store
stygge nassa dei hade fott
og so måtte dei kneka nasse
i gjen for å få si eiga igjen
Dette gjorde kven som kjende
seg upplaggde

8759
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Når vaksne gallnast med borna bruktest og å stele nase.
handbaken lagdest inn til anvikttet nasen mellom peikefingeren långastongi (det kallast stelenasa)

Vår det vaksne folk som lagde kjake mødt kjake kalladei det å kjēla, mellom foreldre og born kallast det vara god

"Til lukke" bruktest - komfirmasjon barsel - åremål - etter altersgång sa dei tillukke og salighet sameleis til lukke med lagedagen „merkesdagar t. d. ó. 17 de mai - - Gratulerer var vell og nytta, men helst i brudlaugi forlovelse eller begivenheter der ein villde den gose sida skulde venda ut.

Gødelig jul - Godt Nyttår helste dei mykje før. no er oftast (god å gatt) i begge hover. Vill fram bera mi medkjensle i sorgi, elle kondulerer det siste er ikke meir bruk i seinare tid.
Takk for meg - for sumeere"
„godt verskap"
Takk på vegne av avlidne både har vore å er brukt

8759
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Den vert fram boren av den nærast
ansvarlige etter den avlidne,
eller kjømeisteren, og er retta til alle
kjær å kjente vener å naboar for
godhet vitging ved sjuke lega;
ja eg har høyrt det har vorte
takka for blomar og kransar å
vyrnad av alle slag.
Det er i heimen ei slik takk vert
fram bori. Nåka sersjilt namn
på det veit eg ikkje

Eg såg folk uttrykja vanvyrdna
so slåandes at ein var ferdig
detta på ræv, eit svivyrdsligt
blikk, eit utbråt (jøg eg veit da)
å ein halv sleng på baken.

I attan hundrad talet å føre
den tid med. sa dei "I" eller "Jer"
til forretning folk å embetesfolk
du til likestilla kjensfolk
Vakne born brukte sigja de til
foreldri å besteforeldri.
ja besteforeldri sa små born
dē til også, (no er det gamla
og gamlen)

"Han" eller "ho" i staden for
"du" eller "de" sa ingen her i kring.

8759

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING